

Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK
- Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

1	Tiltakshavar / søker	Org. nr./person nr.
	Sund kommune	964338809
Post / e-post		Telefonnr.
	Postboks 23, 5371 Skogsvåg	56327500
2	Kulturminne-ID i Askeladden (for alle lokaliteter og enkeltminne)	gnr., bnr.
	1245 Sund	49/73, 49/8, 49/1, 49/6
Gardsnamn		Kommune
	Skaga	Sund
3	Namn på eigar (ved flere eigarrar, spesifiser under "Andre opplysninger")	Telefonnr.
Post / e-post		
4	Søknadssum (overført fra side 4, finansieringsplan)	
	400 000,-	
5	Skildring av prosjektet	
Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)	Elt fangstområde for kval med fangstanlegg og offerplass i Kvalvågen og Skaganeset, frå tidleg tid/ steinalder. Det er ei rekke steinalderplassar i området som er tilgrodd.	
Datering	Steinalder	
Tidlegare tilrettelegging	Det er gjennomført to kvalfestivalar knytt til historia i Kvalvågen.	
Tidlegare skjøtsel	Det er gjennomført noko vedlikehald av fangstanlegg.	
Andre opplysninger	Hovudmålet med prosjektet er å ta vare på – og å formidle kunnskap knytt til dei arkeologiske kulturminna rundt Kvalvågen, samt formidle historie når ein går i eit naturlandskap med mange kulturminne. Kunnskap og gode opplevelingar kombinert med fysisk aktivitet gjev grunnlag for god folkehelse.	

6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

Prosjektering

Ny tilrettelegging

Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

Ja
 Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Deler av turløypa skal utviklast og etablerast for rullestolbrukarar og andre med nedsett funksjonsevne.

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

Ja
 Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

Vår 2017

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Det er gjort eit grundig arbeid gjennom tre år, for å utvikle kommunen sin første kulturminneplan. I dette arbeidet har ein hatt god kontakt og samarbeid både med Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Politisk saksgruppe har medverka under heile prosessen. Såleis er kulturminneplan arbeidet godt forankra og høgt prioritert i kommunen.

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Prosjektet er forankra lokalpolitisk, administrativt, hos lokale lag og private verksemder.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

Det skal utarbeidast ein reguleringsplan som gjer greie for veggtilkomst med parkering, samt tilkomst sjøvegen.

Eventuell anna relevant informasjon

Grunneligarar:
Sotra Steinindustri - 49/73, Mikal Landro - 49/8, Øystein Skaga - 49/6, Anne Sofie Sangolt - 49/1

For andre opplysningar - sjå vedlagt prosjektpesifikasjon.

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinjene skal sikra at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Sund kommunen har over tid hatt kontakt til Fylkeskommunen.

Som ein del av reguleringsplanprosessen, har kommunen over lengre tid hatt kontakt til Riksantikvaren og aktuelle grunneigarar.

8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

1. Gjennomføring av prosjektet:

Prosjektet vil bli delt inn i forprosjekt og hovedprosjekt.

Tema i forprosjekt:

Det er gjort både kartlegging og registreringar av kulturminne i Kvalvågen, men det står ein del att. Sentralt i dette forprosjektet er å kontakte, få dialog og samarbeid til grunneigarar. Andre viktige tema:

- Registrere steinalderbuplassene i området på kart
- Få oversikt over og registrere alle skriftelege kjelder om historie i Kvalvågen
- Kartlegge utsiktspunkt
- Rydding av områder med gamle utsiktsplassar mot Kvalvågen, systematisere registreringane, samla meir dokumentasjon og planleggja korleis kommunen kan leggja til rette for opplevelingar og kunnskapsformidling om dei verdifulle kulturminna.
- Førebu og planlegge tilrettelegging av Skaganeset/ Kvalvågen til friluftsområde med å synleggjere alle kulturminna og gjere dei tilgjengeleg for publikum.

Hovedprosjekt:

Gjennomføring av tiltak som er beslutta i forprosjektet. Det inneber m.a. bygging og tilpassing av turstiar, skilting og infotavler om kulturminna er det sentrale. Vi skal få fortalt ei interessant og spanande historie når ein går i kulturminneløypa. Det er aktuelt med guiding.

Vi ynskjer å samarbeide med Bergen og omland friluftsråd (BOF) til evt kjøp av friluftsområde som vert regulert til kulturminne/ landskapsvern.

For utfyllande opplysningar, så vedlagt prosjektpesifikasjon

9**Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald**

Kommunen ynskjer å engasjere ein prosjektleiar for å drive prosjektet. I tillegg må ein nytte innsats frå andre aktørar - både offentlege og private verksemder, samt frivillige organisasjonar og lokale eldsjeler.

Kommunen har ansvar for oppfølging av prosjektet, og det må m.a. skrivast avtalar med grunneigarar og frivillige i prosjektpериoden.

Det skal utarbeidast ein skjøtselsplan for området.

10**Kostnadsoverslag og framdriftsplan**

Ein ser føre seg total prosjektperioden på tre år. Forprosjektet er estimert til eit år, medan hovudprosjektet er estimert til to år.

Utgifter i forprosjektet:

• Lønsutgifter til prosjektleiar	kr. 600.000,-
• Informasjonsmateriell	kr. 50.000,-
• Fasilitering – møtekostnadar	kr. 5.000,-
• Reisekostnadar for prosjektleiar	kr. 10.000,-
Sum utgifter	kr. 665.000,-

11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:

BARK-midlar	400 000,-
eventuelt tilskot frå kommunen	165 000,-
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	100 000,-
andel av eigne midlar	
andre midlar	
dugnadssarbeid	
anna	
Sum (kr):	665 000,-

12 Stad: Sund kommune **Dato:** 31.10.16. **Underskrift:** Jon Erle Egeland, Kommunalråd

13 Kommunen sin uttale

Prioritering: Høgt prioritert både politisk og administrativt.

Tilskot frå kommunen: 165 000,-

Fråsegn:

Dette er den fyrste søknaden frå Sund kommune om BARK midlar. Kommunen ynskjer å verdsetja, ta vare på og formidle kunnskapen om arkeologiske kulturminne i området til både innbyggjarar og tilreisande.


Gjennom samarbeid med næringslivet på Skaganeset, vil vi skape og utvikle området som både industri og folk vil ha glede av. I samband med ny veg til Skaganeset vil kulturminneområdet bli skjerma. Knytt til vegutbygginga vil det også bli laga parkeringsplassar for turgåarar som vil oppleve kulturminna.


Søknaden sendast pr. e-post til: hfk@hfk.no

NB! Søknadsfrist 1. november



Skaganeset
27.10.2016
Målestokk 1:2500
SUND KOMMUNE







Dok.dato: 17.10.2016

Vår Ref: 16/3597-1

Arkiv:

**PROSJEKTPESIFIKASJON SKAGANESET OG KVALVÅGEN – KULTURMINNE – OG
FRILUFTSOMRÅDE**

Innhold

1. Prosjektnamn.....	2
2. Prosjektmål.....	2
3. No-situasjon:	2
4. Skildring av prosjektet	2
4.1 Omfang	3
4.2 Gjennomføring av prosjektet	3
4.3 Innhold i forprosjekt: Kulturformidling – historia om Kvalvågen og steinalderbuplassane i området	3
4.4 Innhold i hovedprosjektet: Tilrettelegge Skaganeset/ Kvalvågen til friluftsområde, synleggjere alle kulturminna og gjere dei tilgjengeleg for publikum i kultruminneøyna	4
4.5 Samarbeidspartnarar	4
4.6 Prosjektperiode	5
5. Prosjekt organisasjon	5
6. Ressursbruk/ økonomi.....	5
6.1 Utgifter.....	5
6.2 Inntekter.....	5

1. PROSJEKTNAMN

Skaganeset og Kvalvågen – kulturminne – og friluftsområde

2. PROSJEKTMÅL

Hovudmålet er å ta vare på – og å formidla kunnskap knytt til kulturminna rundt Kvalvågen, samt formidle historie når ein går i eit naturlandskap med mange kulturminne. Kunnskap og gode opplevingar kombinert med fysisk aktivitet gjev grunnlag for god folkehelse.

Prosjektet vil bli organisert som to delprosjekt som vil ha desse måla:

- Formidle den spesielle og unike historia om kvalfangsten i Kvalvågen frå tidleg tid/ steinalder, samt utvikle Kvalvågen som ein attraksjon / reiselivsprodukt knytt til kulturminna i området
- Utvikle og etablere ei turløype i eit naturlandskap med mange kulturminne. Føremål er å synleggjere, formidle informasjon og opplevingar, kombinert med helsefremjande aktivitet.

Det skal utarbeidast ein felles prosjektplan for delprosjekta, og slik ivareta heilskapen i området.

3. NO-SITUASJON:

Heile området – Skaganeset og Kvalvågen med si unike kvalfangsthistorie, har både nasjonal og internasjonal kulturminneverdi.

Sund kommune har laga kulturminneplan som skal vedtakast i kommunestyret våren 2017. I denne planen er utvikling av Skaganeset som eit kultur- og friluftsområde ei prioritert satsing. Kommunen deltar også i prosjektet Kartlegging og verdsetting av viktige friluftslivsområde. Saman med Sund turlag er kommunen engasjert i rydding og merking av turstiar. Det er viktig å sjå dette prosjektet i samanheng med utviklinga av Skaganeset/ Kvalvågen, då turstiane går forbi kulturminna. Dei arkeologiske kulturminna i området er det veldig få som har kjennskap til og kunnskap om.

Det er ein rettskraftig reguleringsplan for Skaganeset. Reguleringsplanen omfattar store areal avsett til LNF-område, der det er lagt inn omsynssone for å sikre kulturlandsskapet langs Kvalvågen. Det er også innarbeidd bandleggingssoner for lokalitetar med automatisk freda kulturminne.

4. SKILDRING AV PROSJEKTET

4.1 Omfang

Sund kommune har i samråd med overordna kulturminnemynde sett som mål å lage ein forvaltningsplan for dei areala som er regulerte på vest- og sørsida av næringsområdet på Skaganeset. Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremje føremålet med å ta vare på området, samt sørge for at ein unngår tilfeldige einskilde avgjerder som kan vere ueheldige for verneverdiane. Forvaltningsplanen skal samstundes sikre ein heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningsliner om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging mv. Forvaltningsplanen er ein del av dette prosjektet.

4.2 Gjennomføring av prosjektet

Arbeidet vil i den samla prosjektplanen bli delt inn i forprosjekt og hovudprosjekt. Prosjektleiarmetoden PLP skal nyttast systematisk i all leiing og overordna arbeid i prosjektet. All prosjektdokumentasjon skal utarbeidast i høve til denne metoden.

I forprosjektet skal det takast stilling til om det er grunnlag for å gå i gang med hovudprosjektet, som då vert å planlegge og iverksetje satsingar/ tiltak ein har konkludert med i forprosjektet.

4.3 Innhold i forprosjekt:

Det er gjort både kartlegging og registreringar av kulturminne i Kvalvågen, men det står ein del att. Sentrale tema i forprosjektet vert å systematisere registreringane, samla meir dokumentasjon og planlegga korleis kommunen kan leggja til rette for opplevelingar og kunnskapsformidling om dei verdifulle kulturminna:

- Få informasjon om historie frå Kvalvågen både frå «kjentfolk», sogelaget samt frå ekspertar/ fagmiljø til dømes frå Universitetet i Bergen
- Registrere alle kulturminne som har med Kvalvågen å gjere
- Registrera steinalderbuplassene i området på kart
- Få oversikt over og registrere alle skriftelege kjelder om historie i Kvalvågen
- Kunnskapsformidling til elevar gjennom samarbeid med både grunnskule og vidaregåande
- Planlegge informasjonsmateriell – utarbeida eit hefte om kulturminneturar med utvalde kulturminne
- Utarbeide ein plan for kunnskapsformidling ved m.a. å utvikle ein «reiselivspakke»
- Kartlegge utsiktspunkt
- Rydding av områder med gamle utsiktsplassar mot Kvalvågen
- Førebu og planlegge tilrettelegging av Skaganeset/ Kvalvågen til friluftsområde med Utgreie moglegheit for bygging av bru frå Kjølpo til Stekholmen
- Tilretteleggje for badeplass både i Skagatonjen og i Skagakjødnna
- Leggje til rette for tilkomst til området:
 - Sjøvegen: Båtar skal kunne leggje til i området
 - Pr. bil/ buss: Parkering (mellombels og permanent)
- Arbeide med å skaffe finansiering tildømes gjennom sponsorar
- å synleggjere alle kulturminna og gjere dei tilgjengeleg for publikum.

Sentralt i dette forprosjektet er å kontakte, få dialog og samarbeid til grunneigarar - få deira synspunkt for disponering av LNF- områda og om ynskjeleg sokja statleg innløysing av friluftsområda m.m.

4.4 Innhold i hovudprosjektet:

Gjennomføring av tiltak som blir beslutta i forprosjektet. Det inneber m.a. bygging og tilpassing av turstiar, skilting og infotavler om kulturminna. Vi skal få fortalt ei interessant og spanande historie når ein går i kulturminneløypa. Det er aktuelt med guiding.

Dette er gjennomføringsdelen der bygging og tilpassing av turstiar, skilting og infotavler om kulturminna er det sentrale. Vi skal få fortalt ei interessant og spanande historie når ein går i kulturminneløypa. Det er aktuelt med guiding.

Vi ynskjer å samarbeide med Bergen og omland friluftsråd (BOF) til evt kjøp av friluftsområde som vert regulert til kulturminne/ landskapsvern.

4.5 Samarbeidspartnarar

I gjennomføringa av heile prosjektet er det viktig å spele på både offentlege og private verksemder, samt friviljuge organisasjonar og lokale eldsjeler. Det er etablert samarbeid med sentrale aktørar. Eit viktig arbeid i begge forprosjektet vert å formalisere samarbeidet gjennom avtalar. Både Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune kjenner til kulturminneverdiane i området og er positive til at vi får utvikla det til beste for innbyggjarar og tilreisande.

Følgjande aktørar er særleg viktige samarbeidspartnarar:

- Bergen og Omland Friluftsråd
- Grunneigarar
- Riksantikvaren
- Hordaland fylkeskommune
- Kulturavdelinga og Arealavdelinga i kommunen
- Lokale lag
- Reiselivslaget i Bergen
- Skogsvåg skule og Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund
- Sund sogelag
- Sotra Steinindustri AS
- Sund turlag
- Universitetet i Bergen

4.6 Prosjektpériode

Ein ser føre seg at forprosjektet vil vare i ein periode på eit år. Prosjektpériode for gjennomføring av hovudprosjektet er estimert til å vare i to år.

5. PROSJEKT ORGANISASJON

- **Oppdragsgjevar/ prosjekteigar:** Sund kommunestyre
- **Styringsgruppe:** Saksgruppe næring og utvikling
- **Prosjektgruppe:** Representantar frå:
Fylkeskommunen, Sotra Stein industri v/ Edgard Bjørøy, rep. frå grunneigarane, Bergen og omland friluftsråd, kultur og arealavdelinga i kommunen samt prosjektleiar.
- **Prosjektansvarleg:** Rådmannen
- **Prosjektleiar:** Engasjementstilling med ekstern utlysing

6. RESSURSBRUK/ ØKONOMI 1.PROSJEKTÅR (2017)

6.1 Utgifter

• Lønsutgifter til prosjektleiar	kr 600.000
• Informasjonsmateriell	kr 50.000
• Fasilitering – møtekostnadar	kr 5.000
• Reisekostnadar for prosjektleiar	kr 10.000
Sum	kr 665.000

6.2 Inntekter

• Kommunale midlar/frivilliginnsats	kr 165.000
• BARK- midlar	kr 400.000
• Andre midlar (eksterne prosjektmidlar)	kr 100.000
Sum	kr 665.000